

Møte i Gulen kommunestyre 19.10.2023

Torsdag 19. oktober er det møte i avtroppende kommunestyre kl. 10:00 og konstituerende møte i nytt kommunestyre for perioden 2023-2027 kl. 12:30.

Oversikten viser saker til handsaming i avtroppende og nytt kommunestyre. Nokon saker vert handsama både i avtroppende og nytt kommunestyre. Nye saker kan kome til.

Saker til møtet, start kl. 10:00

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av møtebok frå møtet i kommunestyret 31.08.2023
- Skriv og meldingar
- Delegasjonssaker
- Evaluering av landbruksplan for Gulen kommune. Innspel og vidare handsaming
- Kommuneplan for oppvekst og kultur 2023-2026
- Oppfølging av sak rekruttere til og behalde arbeidsstyrken
- Rammer for lokale forhandlingar 2023
- Nærmiljøanlegg Tausevika sandvolleyballbane. Forskottering av MVA kompensasjon
- Forvaltningsrevisjonsrapport – Brukarmedverknad i tenester for helse og omsorg
- Godkjenning av møtebok

Saker til det konstituerande møtet, start kl. 12:30

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av kommunestyrevalet 2023
- Skriv og meldingar
- Godkjenning av valnemnd 2023
- Val av formannskap 2023- 2027
- Val av ordførar 2023 – 2027
- Val av varaordførar 2023- 2027
- Val av kontrollutval 2023 – 2027
- Val av administrasjonsutval 2023-2027
- Val av hovudutval for helse og omsorg (HOM) 2023-2027
- Val av hovudutval for oppvekst og kultur (HOP) 2023 – 2027
- Val av hovudutval for plan, utvikling, klima og eigedom (HPUK) 2023- 2027
- Val av eldreråd 2023-2027
- Val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2023-2027
- Val av Ungdomsråd 2023- 2025

- Val av medlemmer til sakkunnig takstnemnd for eigedomsskatt 2023 – 2027
- Val av medlemmer til sakkunnig klagenemnd eigedomsskatt 2023 – 2027
- Val av representant i kyrkjeleg fellesråd 2023 -2027
- Val av medlem i representantskapet for SEKOM sekretariat (kontrollutvalssekretariatet) 2023-2027
- Val av representant til representantskapet Vestland Revisjon Kommunale oppgåvefelleskap 2023 – 2027
- Val av medlem til oppnemningsutvalet konfliktrådsmeklarar 2023- 2027
- Val av medlem til representantskap i stiftinga Kystkultur.no 2023-2027
- Val av representant til generalforsamlinga i GMU AS 2023-2027
- Val av representant til generalforsamling i BKK 2023-2027
- Val av representant til KS sitt fylkesmøte 2023-2027
- Val av representantar til årsmøte for Kystmuséet i Sogn og Fjordane 2023 – 2027
- Val av styremedlem for stiftinga Bjørn West muséet 2023 – 2027
- Val av utsending til valmøte - KLP 2023 – 2027
- Val av representant til årsmøte i IUA Bergen region 2023-2027
- Val av medlem til representantskapen i DIHVA IKS 2023-2027
- Val av representant til område- og regionutval for vassområda Ytre Sogn/Nordhordland 2023 – 2027
- Val av medlemar til representantskap i NGIR 2023-2027
- Val av representant frå Gulen kommune til Kommunearkivordninga (KA) i Vestlandkommunalt oppgåvefelleskap
- Val av representant til å møte i generalforsamling i Sogn og Fjordane Holding AS 2023-2027
- Godkjenning av møtebok

Stad: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i Innbyggarservice, og på nettsida til Gulen kommune. Saker til konstituerande møte er tilgjengeleg frå 5.oktober og saker til møtet i avtroppende kommunestyre er tilgjengeleg frå 12.oktober.

Møta er ope for publikum, kan også følgast digitalt. Følg med på nettsida til Gulen kommune for utlagt link til møtet. Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal, Ordførar

Frå ordføraren

Kjære alle.

Då er tida mi som ordførar i Gulen kommune snart omme, og eg vil få takke dykk alle for den støtta de har gjeve meg desse 12 åra. Eg føler at desse åra har gått fort, og det er vel eit teikn på at det har vore både travelt og kjekt.



Kommunen vår er ein fantastisk kommune å bu i. Her er eit Noreg i miniatyr når det gjeld variert natur, og me bur sentralt midt i Vestland fylke.

Eg har i mi gjerning vore oppteken av at vi skal ha gode tenester nær der folk bur. Difor gler det meg at vi på desse åra har bygd nye barnehagar i alle dei fire krinsane. Vi har også (i ein av dei mest grisgrendte kommunane i landet) fått fiber ut til alle innbyggjarane våre. Det er gledeleg.

For meg har dei lovpålagde tenestene vore det viktigaste å prioritere, og då vert det diverre ikkje så mykje midlar att til andre ting. Men dei siste åra har Havbruksfondet vore til stor hjelp, får håpe at det i framtida vert sikre inntekter som kan vere med å utvikle kommunen vår på ein god måte.

Den 19. oktober skal det vere konstituerande møte i kommunestyret, og då overlet eg styringa til den nye ordføraren. Eg kjenner at det vert godt å få litt meir tid heime, men må innrømme at det også er litt vemodig.

Så vil eg ynskje det nye kommunestyret og ordførar lukke til med utviklinga av kommunen vår, og så er eg sikker på at alle deke flotte folka i kommunen tek like godt imot dei nye som de tok imot meg.

Helsing
Hallvard Oppedal

TV-aksjonen NRK 2023

går til Redd Barna, til å hjelpe barn rammet av krig og konflikt.

I år går TV-aksjonen av stabelen 22. oktober.

Valresultatet for Gulen

1768 personar hadde røysterett ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i Gulen, og valdeltakinga var på 72,79 %.

Nytt kommunestyre

Oversikt over parti og representantar i kommunestyret for perioden 2023-2027:

Senterpartiet, 7 representantar

Nils Inge Ynesdal
Beate Haugland
Rolf-Daniel Midtun
Linda Oppedal
Oliver Haveland
Helge Pedersen
Lars Atle Larsen

Høgre, 7 representantar

Stein-Inge Larsen
Øyvind Bøe
Kristin Kvamme Rasch
Bjørn Brekke
Irene Perly Kjelby Wergeland
Frode Kversøy
Severin Slettebø Rokne

Arbeidarpartiet, 4 representantar

May-Lynn Osland
Bjarte Undertun
Margrethe Thune Trædal
Rune Håvåg

Kristeleg Folkeparti, 2 representantar

Bente Hauge
Ingolf Wergeland

Venstre, 1 representant

Andrine Sleire Tistel

Forskrift om godtgjersle til folkevalde i Gulen kommune frå og med kommunevalperioden 2023-2027

Reglar og satsar for godtgjersle til Folkevalde i Gulen kommune skal vedtakast i det konstituerte kommunestyremøtet den 19. oktober 2023.

Informasjon om innhaldet i forskrifta kan du lese på kommunen si nettsida frå 05. oktober.

Forskrifta legg opp til iverksetjing frå 19. oktober, og vil verte sendt til kunngjering i Lovdata via Lovtidendredaksjonen avdeling II.

Spørsmål eller merknadar kan sendast til postmottak@gulen.kommune.no

Gla' nyheit frå Eivindvik Tannklinikk

No har vi tannlege på plass, og er glade for å kunne tilby våre tenester til kommunens innbyggjarar.

Vi har ope måndag til fredag frå kl 8:00 – 15:15.

Ta kontakt på telefon 57636890 eller send oss e-post til post.eivi@vlfk.no om ein har spørsmål eller ønskjer time.



Frå v. Klinikkleiar Nordhordland klinikkområde, Harald Isdal Kvamme, tannpleiar Susan Norman, tannhelsesekretær Ingvild Flolid Dingen og tannlege Audun Røed Myklebust.



Eivindvik tannklinikk
Vestland fylkeskommune

Oppfølging etter kreftdiagnose Gulen kommune

Helseforetaka er no i gang med å innføre eit nytt forløp som etter kvart vil gjelde alle nyoppdaga kreftpasienter eller pasienter med tilbakefall av kreft.

Dette forløpet heiter:

«**Pakkeforløp heim-kreft**».

Gjennom pakkeforløpet skal du som pasient få avdekt dei individuelle behova dine for tenester og oppfølging utover sjølve kreftbehandlinga.

Målet med denne ordninga er å sikra tryggleik og forutsigbare forhold for deg som har fått ein kreftdiagnose, og at dine behov

for oppfølging ut over sjølve kreftbehandlinga vert avdekte og fylde opp.


Pakkeforløpet skal også bidra til auka fokus på livskvalitet, god helse og meistring for pasientane.

Pakkeforløpet består av tre behovskartleggingssamtalar:

- 1) I sjukehuset etter at du har fått ein kreftdiagnose.
- 2) I kommunen ca 3-4 måneder etter at du fekk kreftdiagnosen.
- 3) I kommunen ca 12-18 måneder etter at du fekk kreftdiagnosen.

Den første samtalen vert gjennomført i spesialist-helsetenesta / sjukehus.

Aktuelle tema i samtaleane kan være: familiesituasjon og nettverk, jobb, skule, utdanning, økonomi og bu-situasjon, hjelp og tilrettelegging i heimen, rehabilitering, fysisk aktivitet, ernæring, egne ressurser læring og meistring, fritid og sosiale aktiviteter, psykisk helse, seksuell helse, munn og tannhelse m.m.



Illustrasjonsfoto.

Pårørande kan delta i samtaleane om pasienten ynskjer det. Samtalane varer 45 – 60 min. Ein kontaktperson i Gulen kommune vil ta initiativ til samtale dersom du har takka ja til dette på sjukehuset.

Om du vil lese meir om pakkeforløpet finn du det på www.helsenorge.no

Ta kontakt med Ressurssjukepleiar i kreft og lindring Mona Hjartholm 47236906 eller Einingslieiar helse Elizabeth Høydal tlf 57782065 dersom du lurar på noko angåande dette.

Helse og omsorgstenester

På nettsida til Gulen kommune under Helse, sosial og omsorg er det oversikt over helse og omsorgstenester. Dette gjeld teneste du kan søke kommunen om, samt tenester som er utanom kommunalt søknadsskjema eller som ikkje er kommunale.

Oversikt over kommunale tenester der du kan nytte kommunen sitt søknadsskjema for helse og omsorgstenester:

Heimesjukepleie
Praktisk bistand/heimehjelp
Omsorgsstønad
Matombringning – kjøp og utlevering av middag
Trygghetsalarm
Velferdsteknologi -tekniske hjelpemiddel
Hjelpemidlar - Kommunalt utlån for korttidsbruk og langvarig utlån frå NAV
Dagtilbod -Aktivitetstilbod med aktivitør eller dagopphald på institusjon / bu- og omsorgssenter
Dagsenter for heimebuande med kognitiv svikt (demens)
Støttekontakt/fritidskontakt
Hukommelsesteam
Ressurssjukepleiar i kreft og lindring
Psykisk helse og rus
Fysioterapi
Ergoterapi
BPA – Brukarstyrt personleg assistanse
Individuell plan - for personar med langvarig og samansett behov for tenester
Omsorgsbustad
Avlastningsopphald
Korttidsopphald på sjukeheim eller bu- og omsorgssenter
Langtidsplass på sjukeheim
Miljøtenesta

Tenester utanom kommunalt søknadsskjema eller som ikkje er kommunale:

Parkeringskort for forflytningshemma (eigen søknad til Gulen kommune)
Følgjekort/ledsagerbevis (eigen søknad til Gulen kommune)
Serviceskyss – Eit transporttilbod i Sogn og Fjordane
Hjelpestønad (NAV)
Grunnstønad (NAV)
Dør til dør/TT-kort – Drosjekort (Vestland fylkeskommune)
Fullmakter – Vergemål eller framtidfullmakt

Unngå sløsing med drikkevattnet

Drikkevatt er ein felles ressurs, og ein ressurs som det ikkje skal sløstast med. Det er difor viktig at lekkasjar blir reparert fortast mogleg. Sjølv ein liten vasslekkasje fører til eit stort tap av reinsa vatn. Eit hol på 1 mm (5 bar overtrykk) kan føre til eit vasstap på om lag 1.400 liter pr. døgn, og over 500.000 liter i løpet av eit år.

I følgje Norsk Vann kan eit toalett som renn føre til at heile 400.000 liter vatn går tapt i løpet av eit år.

Bidra til god forvaltning av drikkevattnet ved å reparere drypande vasskraner og cisterner som renn, og ta kontakt med kommunen dersom det er mistanke om lekkasje på leidningsnettet.



STYRKETRENING FOR SENIORAR

Når? Tysdagar kl 10:30- 11:30

Gjeld frå 12.september 2023 og eit år fram i tid.

Kvar? Helsebanken (Gamle bank-bygget)

For kven? Deg over 67 år

Dette er eit heilt gratis tilbod gjennom midlar frå «Leve hele livet». Det er berre til å møte opp!


Spre ordet og god trening!

Spørsmål?

Ta kontakt med Johanne i Frivilligsentralen:

TF: 404 46 022

E-post: Johanne.halland.fridtun@gulen.kommune.no



Gå inn på www.bua.io og registrer deg som brukar. Er du under 18 år må ein føresett registrere deg som medlånar.

Sjå kva vi har: Søk på Bua Gulen Utlånsordningar, og klikk på «finn utstyr».

Spørsmål? Ta kontakt med

Johanne Halland Fridtun: 404 46 022

Velkomen til Johanne Halland Fridtun!



Johanne er rykande fersk **frivilligkoordinator** i kommunen, ho starta i jobben 14. august. Johanne har master i samfunnsarbeid, som er ei utdanning som er midt i blinken for stillinga. Me har mange frivillige i Gulen, så mange av dykk vil etter kvart verte godt kjende med Johanne.

Helsing



Nyfødde i Gulen får ved besøk på helsestasjonen fine babysokkar med kommunevåpenmotiv. Sokkene er designa og produsert av Torill Svaberg. I tillegg får den nyfødte eit handkle frå Saniteten.

Ortneset vest bustadfelt snart klart til bygging!

Ortneset vest bustadfelt er snart ferdigstilt! Her kan ein få seg ei fin bustadtomt med fine fasiliteter som sjøutsikt, leikeplass og triveleg tursti til badevika Bruhamna.

Det gjenstår berre nokre mindre arbeider før feltet er ferdigstilt. .

Ta kontakt med Gulen kommune om du er interessert.



Takk!

Eivindvik bu- og omsorgssenter vil med dette, igjen takke, Rannveig Nese på Spar, for generøsiteten med sitt bidrag til grillfesten på årets Jonsokfeiring. Tusen takk frå bebuarar og ansatte på Ebo.

Bebuarar og ansatte på Ebo og Gulen sjukeheim vil med dette få takke «Mott i brøstet» og fagforbundet i regi av Solfrid Oppedal som organiserte festlighet på sjukeheimen tidlegare i år. Tusen takk

Fyrste pulje i Gulen til å fullføre opplæringsprogrammet "De utrolige årene"



Denne glade gjengen er fyrste pulje i Gulen til å fullføre opplæringsprogrammet "De utrolige årene". Satsinga er forankra både politisk, administrativt og i barnehagane, og då er det kjekt at varaordførar var med på markeringa.

NORCE, RKBV vest, Universitetet i Tromsø og PPT Fensfjorden har vore med på satsinga.

Eigenberedskapsveka 2023

Har du alt du treng for å klare deg sjølv i minst tre døgn dersom vatn og straum plutselig blir borte? I veke 44 startar ei landsdekkjande kampanjeveke om eigenberedskap.

Eigenberedskapsveka blir arrangert av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) i samarbeid med kommunar over heile landet. Målet med Eigenberedskapsveka, som blir gjennomført 30. oktober – 5. november, er å gjere oss betre rusta til å stå imot kriser.

Hovudtema for Eigenberedskapsveka 2023 er; Øve.

Gjennom enkle og praktiske øvingar, som ein kan gjennomføre heime, skal befolkninga utfordrast på ulike øvingstema. Hensikten er at ein skal få betre forståing for kva ein kan gjere for å betre eigenberedskapen sin.

På www.sikkerhverdag.no finn du konkrete råd som DSB har utarbeidd for alle innbyggjarar. Her finn du mellom anna døme på ting du bør ha i beredskapslageret heime for å klare deg i **minst** tre døgn.

Meir informasjon om Eigenberedskapsveka 2023 vil vere tilgjengeleg på kommunen si nettside når kampanjeveka nærmar:

www.gulen.kommune.no

Gulatingsprisen 2023 og frist for innspel

Den aller første Gulatingsprisen vart delt ut 11.12.2008.

Også i år ynskjer Gulen kommune å få forslag til kandidatar til Gulatingsprisen. Føremålet med prisen er i følgje statuttane å: "Gje honnør til lag, verksemder, institusjonar eller einskildpersonar som siste året eller over lengre tid har gjort ein ekstra innsats for å utvikla næringslivet og eller lokalmiljøet i Gulen, enten gjennom eiga verksemd og/eller ved å leggje tilhøva til rette for andre".

Kven meiner du fortener Gulatingsprisen?

Grunngjevne forslag sender du til Gulen kommune:

E-post:

postmottak@gulen.kommune.no

Post:

Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 Eivindvik

Frist for innspel er 14.11.2023.

Formannskapet vurderer kandidatar og tildeler prisen.



Informasjon om teleutfall på norsk, ukrainsk, polsk og engelsk

I Gulen kommune opplever me frå tid til annan at deler av kommunen får totalt teleutfall. I situasjonar der fasttelefon, mobilsamband og fiber/nett er ute er det viktig at de som innbyggjarane kjenner til at det finst alternativer dersom de skulle vere i ein situasjon der liv og helse står i fare og de treng hjelp. I slike situasjonar vil det som oftast framleis vere mogleg å bruke nødnettet. Nødnett er eit lukka beredskapsnett for politi, brannvesen, helsetenesten og andre aktører med eit nød- og beredskapsansvar.

I Gulen kommune har desse personane tilgang til nødnettapparat:

- Mannskap i brann- og redningsetaten
- Legane
- Ordførar, kommunedirektør

I tillegg et det stasjonert eit nødnettapparat på kvart bu- og omsorgssenter (i Eivindvik – på Gulen sjukeheim).

Ved krisehendingar vil Gulen kommune informere på heimesida www.gulen.kommune.no og i særskilte tilfeller gjennom SMS varsling.

У муніципалітеті Гюлен ми іноді стикаємося з певними частинами муніципалітету, які відчувають повні перебої в телекомунікації. У ситуаціях, коли стаціонарні телефони, мобільні телефони та оптоволоконна мережа/Інтернет недоступні, важливо, щоб мешканці знали, що є альтернативи, якщо вони опиняться в небезпечній для життя ситуації та потребують допомоги.

У таких ситуаціях зазвичай все ще можна використовувати мережу екстреної допомоги. Nødnett — це закрыта мережа надзвичайних ситуацій для поліції, пожежної охорони, охорони здоров'я та інших учасників, відповідальних за готовність до надзвичайних ситуацій.

У муніципалітеті Гюлен наступні люди мають доступ до мережі екстреної допомоги:

- Особовий склад пожежно-рятувальних служб
- Лікарі
- Мер, муніципальний директор

Крім того, у кожному центрі медсестринства та догляду (Eivindvik - Gulen Syukeheim) було розміщено пристрій екстреної мережі.

У випадку кризи муніципалітет Гюлена сповістить про це на веб-сайті

www.gulen.kommune.no, а в особливих випадках за допомогою SMS-повідомлень.

Tłumaczone z norweskiego

W gminie Gulen zdarza się od czasu do czasu, że w niektórych jej częściach całkowicie zanika łączność telefoniczna.

W sytuacjach, kiedy nie działają telefony stacjonarne, sieć komórkowa ani światłowody/Internet, ważne jest, żebyście wy jako mieszkańcy wiedzieli, że istnieją inne alternatywy, gdybyście znaleźli się w sytuacji zagrożenia zdrowia lub życia i potrzebowali pomocy.

W takich sytuacjach będzie najczęściej nadal możliwe korzystanie z kryzysowej sieci łączności (nødnett). Jest to zamknięta sieć łączności kryzysowej dla policji, straży pożarnej, służby zdrowia i innych instancji odpowiedzialnych za bezpieczeństwo publiczne i w wypadku wystąpienia sytuacji kryzysowych.

W gminie Gulen następujące osoby mają dostęp do sieci łączności kryzysowej:

Personel służb przeciwpożarowych i ratowniczych
Lekarze

Burmistrz, szef administracji gminnej i jego zastępca

Oprócz tego każdy ośrodek mieszkalno-opiekuńczy posiada aparat sieci łączności kryzysowej (w Eivindvik – w domu opieki Gulen sjukeheim).

Przy zdarzeniach kryzysowych gmina Gulen będzie informować mieszkańców o sytuacji na swojej stronie internetowej www.gulen.kommune.no, a w sytuacjach szczególnych - poprzez ostrzegawcze SMS-y.

Emergency Network

In Gulen we occasionally experience that part of the municipality lose telecommunications.

When this happens, it will still be possible to use the Emergency Network if you are in a situation where your life or health is in danger. This network is a closed emergency network that is used by the police, fire department, healthservices, and by a few other people who have a special responsibility in case of an emergency situation.

In Gulen municipality the following groups/people have access to the emergency network:

- Firemen
- Doctors
- Mayor, municipal executive

In addition, you will find one network terminal stationed at each of our senior centers (in Eivindvik – at Gulen sjukeheim)

In case of emergency, Gulen municipality will provide information on the official website www.gulen.kommune.no and in special situations by sending out text messages.

Aktív på dagtid

TURGRUPPE



Eivindvik

Onsdag kl. 11:00

Kontaktperson: Miek Norman: 416 10 972

Dalsøyra

Måndag kl. 11:00

Kontaktperson: Magny Eggum Berg: 416 63 859

Eidsbotn

Tysdag kl. 11:00

Kontaktperson: Turid Westervik: 930 49 421

Brekke

Måndag kl. 11:00

Kontaktperson: Berit Tveit Solheim: 99519199



Kontakt turleiarane for meir informasjon.

Ta med mat og drikke om du ynskjer.

Me satsar på tur i all slags vær, så kle deg deretter.

Vel møtt!

